

SV100 Examen facultatum - Samfunnsvitskaplege tenkemåtar

Vurderingssemester

Haust og vår (Siste gong våren 2016)

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Haust (Siste gong hausten 2015)

Mål og innhold

Emnet skal gjere studentane kjende med samfunnsfaga si historie og gi ei innføring i sentrale samfunnsvitskaplege omgrep, metodar og tenkemåtar. Det skal formidle kunnskap om dei ulike samfunnsvitskaplege disiplinane sine særtrekk så vel som deira fellesfaglege grunnlag.

Det vert gitt ei innføring i samfunnsvitskapane si framvekst og utvikling fram til i dag, med vekt på klassiske tema og sentrale omgrep i faga. Ulike metodar, omgrep og modellar som samfunnsforskarar nyttar eller forutset i si forskning vert også introdusert. Bruk av teori, modellar, metode og empiri i samfunnsvitskapen blir kasta lys over gjennom eit utval av teoriar om sentrale samfunnsforhold.

Emnet

vil også ta opp tilhøvet mellom (den/dei) utforska, forskar og samfunn.

Læringsutbytte

Etter å ha avslutta emnet skal studenten kunne

- * Gjere greie for hovudtrekk i samfunnsvitskapane si framvekst og utvikling fram til i dag og kjenne til

dei samfunnsvitskapelege faga sitt fellesfaglege grunnlag og eigenart.

- * Gjere greie for ulike hovudtypar samfunnsvitskaplege modellar av kva mennesket er og korleis menneske handlar.

- * Gjere greie for nokre grunnleggande skilnader mellom omgrep frå dagleglivet og vitskapelege omgrep.

- * Gjere greie for ulike omgrep og teoretiske perspektiv i samfunnsfaga, om bl.a. rasjonalitet og sosial orden og beskrive nokre av samfunnet sine basisinstitusjonar, bl.a. utdanning og familien.

- * Gje døme for bruken av teoriar, modellar, metode og empiri i samfunnsvitskapane gjennom å vise til samfunnsvitskapelege perspektiv på sentrale forhold i samfunnet.

- * Gjere greie for kvalitative og kvantitative forskningsopplegg og ulike strategiar for datainnsamling som

vi finn i samfunnsvitskapane.

- * Vise innsikt i høvet mellom (den/dei) utforska, forskar og samfunn.

- * Reflektere kritisk over samfunnsvitskapleg forskning og vitskapelege verdiar.

Undervisningsformer og omfang av org.und

Førelasingar

Talet på førelastingstimar: 20-24

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ei innleveringsoppgåve (ca 2000 ord). Oppgåva må vere godkjent før eksamen.

Godkjente obligatoriske arbeidskrav er gyldig i det aktuelle eksamenssemesteret samt det påfølgjande eksamenssemesteret.

Vurderingsformer

4 timar skuleeksamen

Institutt

Sosiologisk institutt, Institutt for informasjons- og medievitenskap, Institutt for geografi, Institutt for samanliknande politikk, Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap

Emneevaluering

Emnet vert evaluert av studentar og faglærar i tråd med vedteken evalueringsplan for alle emne på bachelor- og masternivå i sosiologi.

Faglig overlapp

For å få ein bachelorgrad ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet må minimum 10 / maksimum 20 studiepoeng innføringsemne/exfac-emne vere avlagt (utanom ex.phil.). SV-fakultetet har følgjande innføringsemne/exfac-emne: SV100, AORG100, ECON100, GEO100, GLOB101, INFO100, MEVI100, SAMPOL100, SANT101 og SOS100. Exfac-emne frå andre fakultet/institusjonar gir fritak for dette gradskravet.

Kontaktinformasjon

studieveileder@isp.uib.no/ studieveileder@aorg.uib.no/ studieveileder@sos.uib.no

Karakterskala

Karakterskala A-F